

Gratis pølse til alle barn i siste seriekamp!

Skrive av administrator

fredag 18. oktober 2019 19:37 - Sist oppdatert fredag 18. oktober 2019 19:58



Alle barn under 13 år i Vestnes Vafjell-kløde får gratis pølse med brød om dei møter fram og heiar på A-laget i årets siste seriekamp laurdag klokka 15. Ta med foreldre, tanter, onklar, besteforeldre og andre og støtt heimelaget i denne viktige kampen. Vestnes Varfjell bergar plassen i 4. divisjon med seier eller uavgjort. Tap kan også gje ståplass, men då er laget avhengig av hjelp ved at Træff står i 3. divisjon og/eller KBK 2 vinn opprykkskvaliken. Uavgjort kan også vere nok til å berge begge lag. Ingen av laga er i form, og står utan seier sidan 30. august! Trener Alexander Connor melder om full tropp bortsett frå dei som er ute med skade for resten av sesongen. For Åndalsnes har den tidlegare eliteserieprofilen Aksel Bergset Skjølsvik sona ferdig etter at han fekk direkte raudt kort i kampen mot KFK. Vårkampen på Øran endte 4-4 etter ein solid sluttsjurt av våre gutar. [OVERSIKT OVER TIDLEGARE KAMPAR HER](#)

Har du ikkje sjansen til å møte, byr Asbjørn Vik som vanleg på [direktesending via Youtube](#) .

Sjek også [Twitter for oppdateringar](#) .